

**Partileiar i Framstegspartiet Siv Jensen (biletet) kjem til Kvinnherad måndag 6. desember og vil mellom anna besøke Hjørnevåg.**

**Der skal ho møte Vibe As og styret i Kvinnherad Næringssservice, opplyser Elisabeth Eide Tharaldsen.**

Dagen opnar med bedriftsbesøk hos Eide Marine Service i Høylandsbygd og neste post er lunsj på Husnes.

Med Vibe og Eide ønsker partiet å fokusere på at det er fullt mogeleg å gjera suksess også utanfor kommune-, fylkes- og landegrenser. sjølv om ein har hovudkontor utanfor storbyen.

Alle pensjonistane i kommunen er om ettermiddagen invitert til å spise middag med Siv Jensen og om kvelden er det folkemøte i Kulturhuset på Husnes.